| 5.12     | Støy                                                                   | 22        |
| 5.13     | Naturressursar                                                         | 23        |
| 5.14     | Naturmangfald                                                          | 24        |
| 5.15     | Friluftsliv                                                            | 26        |
| 5.16     | Kulturarv                                                              | 27        |
| <b>6</b> | <b>Skildring av planforslaget</b>                                      | <b>28</b> |
| 6.1      | Hovudgrep                                                              | 28        |
| 6.2      | Arealføremål                                                           | 30        |
| 6.3      | Oppbygging av fyllinga                                                 | 31        |
| 6.4      | Vurderte, men forkasta alternativ                                      | 32        |

|          |                                                                         |           |
|----------|-------------------------------------------------------------------------|-----------|
| 6.5      | Endringer etter 1. gongs offentlig ettersyn                             | 34        |
| <b>7</b> | <b>Verknader og konsekvensar av planforslaget (konsekvensutgreiing)</b> | <b>35</b> |
| 7.1      | Industri og sysselsetting                                               | 35        |
| 7.2      | Barn og unge                                                            | 35        |
| 7.3      | Landskapsbilde                                                          | 36        |
| 7.4      | Trafikk til lands                                                       | 36        |
| 7.5      | Trafikk til sjøs                                                        | 37        |
| 7.6      | Stormflo og bølger                                                      | 37        |
| 7.7      | Teknisk infrastruktur                                                   | 38        |
| 7.8      | Grunntilhøve                                                            | 38        |
| 7.9      | Forureining                                                             | 39        |
| 7.10     | Støy                                                                    | 40        |
| 7.11     | Naturressursar                                                          | 42        |
| 7.12     | Naturmangfald                                                           | 43        |
| 7.13     | Friluftsliv                                                             | 44        |
| 7.14     | Kulturarv                                                               | 45        |
| 7.15     | Konklusjon                                                              | 45        |
| <b>8</b> | <b>Risiko- og sårbarheitsanalyse</b>                                    | <b>47</b> |
| 8.1      | Konklusjon frå ROS-analyse                                              | 47        |

## 1 Samandrag

Planområdet ligg sør for Eggesbøvågen i enden av Evangervegen på Bergsøya i Herøy kommune, om lag 2,5 km frå kommunesenteret Fosnavåg. Planområdet er ca. 300 daa.

Bakgrunnen for planarbeidet er at Herøy kommune ynskjer å legge til rette for eit utvida næringsareal med tilhøyrande kaianlegg ved MOWI AS si tomt på Eggesbønes. Utvidinga legg også til rette for at andre verksemdar kan etablere seg i området.

Detaljreguleringsplanen omfattar areal både på land og i sjø. Planen gir heimel for ytterlegare utfylling i sjø og eit utvida næringsareal med tilhøyrande kaianlegg. Ny utfylling i sjø har eit omfang på om lag 65 000 m<sup>2</sup> og planen legg til rette for om lag 90 daa næringsareal på utfyllt område.

I tillegg legg planen til rette for å etablere næringsverksemd på eit areal langs sørsida av Evangervegen. Området langs sørsida av Evangervegen utgjer i underkant av 30 daa. Samla vert det regulert i underkant av 120 daa næringsareal.

For industri og sysselsetjing er tilrettelegging for utviding av eksisterande verksemd og nye verksemdar på Eggesbønes svært positiv. Etablering av kai vert vurdert som positivt for industri og sysselsetjing. Tiltaket er også vurdert å vere positivt med omsyn til forureining og teknisk infrastruktur. Tiltaket er vurdert å ha størst negativ konsekvens for kulturarv, men også noko negativ konsekvens for barn og unge, landskapsbilde, støy, naturmangfald og friluftsliv. For resterande tema er konsekvens vurdert som ubetydeleg. Gjennom planarbeidet er det ikkje avdekt konsekvensar eller verknadar av tiltaket som er så negative at ein ikkje kan tilrå at planen vert gjennomført.

Med utgangspunkt i forslag til detaljreguleringsplan er det gjennomført ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse), sjå dokument 4. Denne imøtekjem plan- og bygningslova sitt krav om ROS-analyse ved all planlegging (jf. §4-3). Planområdet framstår generelt, med dei tiltaka som er skildra og føresett følgd, som lite sårbart.


## 2 Nøkkelopplysningar

Bakgrunnen for planarbeidet er at Herøy kommune ynskjer å legge til rette for eit utvida næringsareal med tilhøyrande kaianlegg ved MOWI AS (tidlegare Marine Harvest) si tomt på Eggesbønes. MOWI AS er ei bedrift i vekst og gir mange arbeidsplassar samt viktige inntekter til kommunen. Utvidinga legg også til rette for at andre verksemdar kan etablere seg i området. Detaljreguleringsplanen vil omfatte areal både på land og i sjø.

Forslagsstillar er Herøy kommune. Norconsult AS er engasjert som rådgjevar for utarbeiding av plandokumenta og dei fleste tilhøyrande undersøkingane som er gjennomført i samband med planarbeidet.

Området ligg sør for Eggesbøvågen i enden av Evangervegen på Bergsøya i Herøy kommune, om lag 2,5 km frå kommunesenteret Fosnavåg. Planområdet er ca. 300 daa.

Ved varsel om oppstart og høyring av planprogram var det også ønske om å legge til rette for fritidsbustader i den sørvestlege delen av det varsla planområdet, men etter ein vurdering av konfliktpotensiale (sjå kp. 6.4 og vedlegg 4) har Herøy kommune gått vekk frå dette.



Figur 1: Planområde.

## 3 Bakgrunn og planprosess

### 3.1 Kva er ei detaljregulering

Reguleringsplanen er utarbeidd som ei detaljregulering etter plan- og bygningslova (pbl) §12-3. Ei detaljregulering er eit detaljert plankart med føresegner og planomtale. Detaljregulering skal følge opp og konkretisere overordna arealdisponering i kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplan eller områderegulering. Føremålet med ei detaljregulering er difor å fastsette meir i detalj korleis arealet innanfor planområdet skal utnyttast eller vernast. Detaljreguleringa er også i mange tilfelle nødvendig rettsgrunnlag for gjennomføring av tiltak og utbygging, blant anna ved eventuell oreigning (ekspropriasjon) av grunn. Den formelle planhandsaming skjer i samsvar med pbl §§ 12-10, 12-11 og 12-14. Reguleringsplanen skal vise tiltaket og bruk av dei areal som blir nytta. Planforslaget består av følgande dokument:

| Dokument nummer | Tittel                                                                                              | Ansvarleg                     | Dato            |
|-----------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------|-----------------|
| Dokument 1      | Planomtale (dette dokumentet)                                                                       | Norconsult AS                 | 20.01.22        |
| Dokument 2      | Føresegner                                                                                          | Norconsult AS                 | 20.01.22        |
| Dokument 3      | Plankart                                                                                            | Norconsult AS                 | 20.01.22        |
| Dokument 4      | ROS-analyse                                                                                         | Norconsult AS                 | 07.05.20        |
| Vedlegg 1       | Planprogram med merknadsvurdering av merknadar frå varsel om oppstart.                              | Herøy kommune                 | Januar 2018     |
| Vedlegg 2       | Notat: <i>Forslag til konsekvensutredning for sjøareal. Reguleringsplan i sjø ved Eggesbøneset.</i> | Herøy kommune                 | Utkast 14.11.18 |
| Vedlegg 3       | Rapport: <i>Miljøteknisk sjøbunnsundersøkelse. Utfylling i sjø, Paradisbukta industriområde.</i>    | Norconsult AS                 | 14.08.18        |
| Vedlegg 4       | Notat: <i>Vurdering av konfliktpotensiale ved utbygging av hytteområde sør for Eggesbøsteinen.</i>  | Norconsult AS                 | 13.07.18        |
| Vedlegg 5       | Rapport: <i>Geoteknisk datarapport. Paradisbukta industriområde.</i>                                | Norconsult AS                 | 02.11.18        |
| Vedlegg 6       | Rapport: <i>Arkeologisk rapport 2019. Eggesbøneset Marine Harvest.</i>                              | Møre og Romsdal fylkeskommune | 2019            |
| Vedlegg 7       | Notat: <i>Stormflo vurdering – Paradisbukta.</i>                                                    | Norconsult AS                 | 09.03.20        |

|           |                                                            |               |          |
|-----------|------------------------------------------------------------|---------------|----------|
| Vedlegg 8 | Rapport: Støyutredning Paradisbukta                        | Norconsult AS | 02.09.21 |
| Vedlegg 9 | Notat: Paradisbukta, manøvreringsaral og utdypningsområder | Norconsult AS | 10.12.21 |

### 3.2 Kunngjering og varsel om igangsett regulering / høyring av planprogram

Planoppstart og utlegging av planprogram ble varsla i samsvar med krava i plan- og bygningsloven juni 2017 med høyringsfrist 08.09.2017. Det kom inn 3 merknader og innspel til planarbeidet ved varslinga. Desse er summert opp og inngår i planprogrammet.

### 3.3 Planprogram og konsekvensutgreiing

Planprogram vart stadfesta i Formannskapet (F-sak 15/18) 23.01.18 og omtalar føremål med planarbeidet, planprosess og skildring av planområdet. Det er også lista opp tema som skal konsekvensutgreiinga skal ta opp.

*Plan- og bygningsloven og Forskrift om konsekvensutredninger* stiller krav om at konsekvensar for miljø og samfunn skal utgreiast for bestemte planar og tiltak. Herøy kommune har vurdert tiltaket etter «Forskrift om konsekvensutredning for plan- og bygningsloven» og har konkludert med at det skal utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing. Kommunen brukte gamal forskrift (FOR-2014-12-19-1758) då planprogrammet vart utarbeidd.

Planen fell inn under vilkåra for konsekvensutgreiing, jf. forskrifta, § 2, bokstav d) og f. Området er ikkje tidlegare konsekvensutgreidd. Kommunen har vurdert at følgande tema skal omtalast i konsekvensutgreiinga:

- Naturmangfald
- Landskap
- Forureining (land, sjø, luft)
- Støy
- Beredskap og ulukkesrisiko
- Trafikktryggleik i anleggsperioden
- Havnivåstigning og stormflo
- Grunntilhøve

Dei tema som er nemnt, samt fleire andre som er vurdert som relevant for planforslaget, er skildra og utgreidd i kapittel 7 «Verknader og konsekvensar av planforslaget» og/eller i vedlagte ROS-analyse.

## 4 Planstatus og rammevilkår

### 4.1 Nasjonale rammer og føringer

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (Plan- og bygningslova), LOV-2008-06-27-71.
- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019-2023.
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen, FOR-1995-09-20-4146
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Fastsatt 25.03.11.
- Lov om havner og farvann (havne- og farvannsloven), LOV-2019-06-21-70.
- Miljøverndepartementets retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T1442
- Havnivåstigning og stormflo – samfunnssikkerhet i kommunal planlegging (2016)
- Forurensingsforskriften kap. 22 samt Miljødirektoratets veileder TA-2960/2012 Håndtering av sedimenter og TA-2802/2011 Risikovurdering av forurenset sediment.

Plan og bygningslova samt *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging* legg rammer og føringer for korleis ein planprosess skal foregå. Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona, havne- og farvannsloven, retningslinjen for behandling av støy i arealplanlegging samt veileder for havnivåstigning og stormflo, vil saman med fleire andre sektorlover, forskrifter og veiledere bli brukt til å utforme et planforslag som er i tråd med nasjonale rammer og føringer. Forskrift om konsekvensutgreiingar er saman med sektorlover brukt i samband med utarbeiding av konsekvensutgreiingen.

### 4.2 Regionale rammer og føringer

- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020
- Høyringsutkast Regional planstrategi Møre og Romsdal 2020-2024

Fylkesplanen er den overordna planen for samfunnsutvikling i Møre og Romsdal. Planen skal gi fylkeskommunen, kommunale og regionale styresmakter, næringsliv, institusjonar og organisasjonar i fylket eit prioriterings- og avgjerdsgrunnlag. Planen skal også bidra til godt samarbeid og samhandling i fylket.

Møre og Romsdal har sett seg langsiktige utviklingsmål i den nye planstrategien og det overordna målet er å vere et samarbeidsfylke i tråd med FN sitt berekraftsmål nr 17. Vidare har fylket sett seg 3 hovudmål:

- Mål nr. 1: Miljøfylket: Møre og Romsdal skal bli miljøfylke nr 1.
- Mål nr. 2: Inkluderings- og kompetansefylket: Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu.
- Mål nr. 3: Verdiskapingsfylket: Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein effektiv offentleg sektor.

Alle tre måla er relevante for utarbeiding av ein reguleringsplan som legg til rette for utvida næringsareal som skaper verdi og arbeidsplassar, der forholdet til miljø må ivaretakast på en god måte for å oppfylle fylket sine miljømål.

### 4.3 Kommunale planer og føringar

Kommunal planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel er dei mest sentrale dokumenta som skildrar kommunen sine målsetjingar og satsingsområde. Vidare konkretiserer arealdelen til kommuneplanen korleis måla skal nåast gjennom konkret arealdisponering. Arealdelen viser kommunen sine planar for utvikling i konkrete områder. Desse tre planane, saman med gjeldande reguleringsplan for det aktuelle området, er skildra nedanfor.

#### 4.3.1 Kommunal planstrategi

Kommunal planstrategi er heimla i plan- og bygningslova § 10-1, og skal utarbeidast og vedtakast seinast eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre. Planstrategien har som hovudmål å synleggjere kva planoppgåver kommunen skal prioritere gjennom valperioden. Planstrategien for Herøy for 2016-2020 seier at næringslivet i kommunen er sterkt, solid og internasjonalt orientert, med fleire vitale og vekstkraftige forretningsmiljø knytt til fiskeri, offshoreverksemd, den maritime industrien og shipping. Herøy kommune er saman med elleve andre kommuner på Sunnmøre ein del av ei samanhengande kjede av maritim verksemd som vert kalla Maritimt Møre. Herøy har prosentvis fleire sysselsette innan primærnæringa enn fylket sett under eitt og det er næringa *fiske* som dreg opp snittet for Herøy sin del.

#### 4.3.2 Kommuneplanens samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel peikar ut fylgjande satsingsområde for kommunen:

- Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling
- Infrastruktur
- Kompetanse og næringsutvikling
- Rekruttering, busetting og inkludering
- Barn, unge og identitetsbygging

Innanfor desse fem satsingsområda er det sett ned fleire konkrete målsettingar. To av dei er relevante i forhold til denne planen:


- Kommunen vil at Eggesbønes og Myklebust skal utviklast som ein del av Fosnavåg.
- Kommunen ynskjer å legge til rette for gode næringsareal for å auke verdiskapinga.

#### 4.3.3 Kommuneplanen sin arealdel

Herøy kommune skriv innleiingsvis i planomtalen til arealdelen (2013-2025) at kommunen har som målsetting å vere *ei attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i*. Gjennom kommuneplanen ynskjer Herøy kommune å leggje til rette for ei utvikling som tek høgde for auka tilflytting og busetting og ei vidareutvikling av lokalsamfunnet, særleg med tilrettelegging av fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.

Utsnitt frå gjeldande plan for kommunen sin arealdel (godkjent 30.10.2014, plan-id 201250) visar området mellom Mowi AS og Eggesbønes/Grønhaugen bustadområde som framtidig næringsområde med grøntkorridor mellom dei to funksjonane.

Sjølve området til Mowi AS visast som områder der gjeldande reguleringsplan skal vidareførast.



Figur 2: Utsnitt frå kommuneplanens sin arealdel (plan-id 201250).


#### 4.3.4 Gjeldande reguleringsplanar



Figur 3: Gjeldande reguleringsplan for området (plan-id 200202).

I gjeldande reguleringsplan for «Eggesbønes Aust, industriområde» (plan-id 200202, sett i kraft 03.07.2002) som skal erstattast, visast området som næringsføremål med ei utretta kystlinje der delar av sjøarealet skal utfyllast.

Mot nord er sjøareala avsett til hamneområde i sjø. Ventemerdene er utanfor planavgrønsinga i gjeldande plan.



Figur 4: Gjeldande reguleringsplan Eggesbønes/Grønhaugen frå 1986, plan-ID: 198601.

Mot vest vil ny reguleringsplan overlappe og erstatte ein liten del av reguleringsplanen «Eggesbønes/Grønhaugen» (plan-ID: 198601, sett i kraft 23.03.1986).

I nemnte plan er eit område langs Evangervegen regulert som vegareal samt føremålet «park, turveg, leik».



Figur 5: Flyfoto over området.

Området er ikkje opparbeidd slik gjeldande reguleringsplan legg til rette for, sjå flyfoto i Figur 5.

## 5 Eksisterande forhold

### 5.1 Lokalisering

Planområdet ligg på Eggesbønes i ytre del av Herøy kommune. Området i umiddelbar nærleik er prega av industri og næringsverksemd, men grensar til LNF-område i sør og bustadområde i vest. Området grensar til sjøareala i Herøyfjorden i søraust og Stridestraumen i nordaust.

### 5.2 Arealbruk

Det utbygde arealet i planområdet er i dag i all hovudsak brukt til fiskeriindustri. Mowi AS (tidlegare Marine Harvest) har sine lokale ytst på Eggesbøneset og har eit tilhøyrande hamneanlegg mot nord. Søraust for fabrikkbygget ligg det eit delvis utfylt sjøareal som er tiltenkt nytt industriområde. Det er fylt ut med massar under havnivået som er tenkt vidare utfylt til nytt industriområde og hamneanlegg.

Resten av området består av utmark (LNF-område i kommuneplanen sin arealdel) med myr, lyng og parti med fjell med tynt vegetasjonsdekke og sjøområde med tilhøyrande strandsone bestående av berg.

### 5.3 Industri og sysselsetjing

Mowi AS, avd. Eggesbønes er ein del av eit stort verdsomspennande firma. Selskapet tilbyr eit breidt spekter av sjømatprodukt og produserer ein fjerdedel av verdens oppdrettslaks.

I Norge driv Mowi AS fire av verdens største sjømatfabrikker; blant anna den aktuelle på Eggesbønes. Det er anlagt fiskerihavn med anløpskai for fiskeri. Råvarer og produkta vert transportert til området med skip. Ferdig slakta laks vert transportert til marknaden med semitrailer. Eggesbønes lakseslakteri har eit løyve frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal om slakting og filetering av matfisk. Løyvet er basert på ein produksjon av 100 000 tonn sløyd vekt pr år. Slakteriet har rundt 200 tilsette og er ein viktig arbeidsplass for Herøy kommune. Mowi AS ønsker å satse ytterlegare på Eggesbønes og har i samband med det behov for å utvide kjølekapasiteten og ønsker vidare å legge til rette for bygging av emballasjefabrikk.

### 5.4 Barn og unge

Det har ikkje kome innspel frå Barnerepresentanten i samband med varsel om oppstart og høyring av planprogram. Herøy kommune har ikkje barnetråkkregistreringar. Det er ikkje registrert aktivitet eller at barn og unge brukar planområdet. Størsteparten av området er i dag prega av industri. Erfaringsmessig vert slike område sjeldan oppsøkt av barn og unge. Det går ein sti inn på det eksisterande naturområdet som inngår i planforslaget. Denne stien startar nær eksisterande

bustadar og ein kan ikkje sjå vekk frå at den vert nytta av barn og unge. Området er elles myrlendt og eignar seg dårleg for leik og opphald.

## 5.5 Landskapsbilde

Planområdet høyrer til *landskapsregion 20, Kystbygdene på Vestlandet, underregion 20.7, Ytre Sunnmøre*. Landskapet si hovudform er prega av eit småknudrete relieff, beståande av øyer, halvøyer og skjergard. Øyene er ofte karakteristiske hattfjelløyer, som er typiske på Sunnmøre. Klimaet er sterkt oseanisk med milde vintrar. Her veks artar som ikkje toler vinterkulde. Det regionale preget er snautt og karrig, særleg ved ytterkysten. Lyngheier og myr dominerar, men det trelause landskapet er i gjenngroing.

Landskapet sin karakter er skiftande. Når ein kjem med båt frå havet, framstår dei små øyane som ei lav perlerad av lave landskapsformer med ein mosaikk av fargar i grønt, grått, brunt og lilla, avhengig av årstid, lysforhold og vegetasjonstype. I le frå havet ligg ofte eit mylder av ulike vågar, sund og småfjorvar som danner ei indre lei med mange ferdselsmuligheiter. Med korte avstandar mellom landskap med ulike visuelle uttrykk, er regionen attraktiv i opplevingssamanheng. (Kjelde: Nasjonalt referansesystem for landskap – NIBIO/NIJOS, 2005).

Planområdet ligg på et nes med Herøyfjorden i sør og Stridestraumen, eit trong sund mellom Bergsøya og Leinøya, i nordaust. Landskapet på Bergsøya er forma av erosjon frå is, hav, vær og vind. Kystlinja er dominert av bratte berg og innslag av langgrunne strender. Busetnaden er konsentrert til lune vikar og hovudvekta av strandlinjebusetnaden ligg i det lune området mot Straumane og Leinøya.



Figur 6: Formasjon med Eggesbøsteinen (i midten) sett frå Mjølstanaset, Foto: Norconsult AS

Det er en synleg skilnad i terrengformasjonen som følgjer linja vest-nordvest mot aust-søraust. Området mot Stridestraumen er forholdsvis flat med lite nivåforskjell, mens området mot Herøyfjorden er veldig kupert med fleire småtoppar der Eggesbøsteinen (68 m) er den høgaste. Denne formasjonen gjer at næringsområdet er noko skjerma mot vær og vind frå Herøyfjorden og havet. Fjellformasjonen er viktig for området sin karakter og er vurdert å vere det viktigaste landskapselementet tilknytt planområdet.



Figur 7: Planområdet mot aust. Foto: Møre og Romsdal fylkeskommune.

## 5.6 Trafikk på land


Området ligg i enden av Evangervegen, som er ein 550 m lang kommunal veg med fartsgrense 30 km/t. Gjennom Eggesbøvegen og Sjukeheimsvegen (kommunale vegar med fartsgrense 30 km/t - er planområdet tilkopa fylkesveg 654 (Myklebustvegen). Fv. 654 har ein ÅDT ved vegkrysset på 4120 med lav andel tunge køyretøy<sup>1</sup>. Det er ca. 1 km frå planområdet til fylkesvegen.

Figuren under syner tilkomstvegane (lilla) og strekninger med gang- og sykkelveg (blå). Den gule stipte linjen syner primær tilkomstveg til området.

Det manglar i dag gang- og sykkelveg frå krysset Valvegen x Evangervegen til Mowi ASA. Gang- og sykkelvegen er imidlertid regulert inn i eksisterande reguleringsplan frå 1986 for Eggesbønes/Grønhaugen (plan-id: 198601), og bør etablerast for å få ei heilskapleg løysing for mjuke trafikantar inn til planområdet.

Evangervegen er prega av personbiltrafikk til bustadene i området fram til krysset med Valvegen. Herifrå er det i hovudsak trafikk tilknytt næringsverksemd.

<sup>1</sup>Trafikktal 2019 frå SVV sin database vegkart.



Figur 8 - Oversiktskart med vegsystem. Bilveger er markert med lilla. Gang- og sykkelveger er markert med blå. Den gule linjen syner primær tilkomstvegen til planområdet.

## 5.7 Trafikk til sjøs

Kartet i Figur 9 viser farleier i området. Planområdet ligg ved hovedleia for båttrafikk. Dei raude stipla linjene er hovudlei, medan dei blå stipla linjene er bilei. Dei grønne områda viser farleiene si arealavgrensing. Hovedleia som går sør om Paradisebukta har namnet Flåvær-Breisundet, ID:198.


Eggesbønes er registrert som ei fiskerihamn, markert med liten raud firkant i Figur 9 og har funksjon som anløpskai for fiskeri samt aktivt mottaksanlegg. Denne kaia ligger ikkje innanfor planområdet, men på andre siden av vika.

Forholda for manøvrering til/frå kaia er god.



Figur 9: Hamnar og farleder rundt Bergsøya. Kjelde: kart.fiskeridir.no.

Figur 10 på neste side syner at det er mykje sjøtransport forbi området i Paradisbukta, og også til/fra kaia ved Eggebønes.



Figur 10: Sjøtrafikk i området. <https://kart.kystverket.no/>.

## 5.8 Stormflo og bølger

Stormflo er nemninga for fenomenet der havnivået under spesielle værforhold kan bli høgare enn vanleg. Dei viktigaste faktorane som gir opphav til stormflo er astronomisk tidevann (spesielt rundt fullmåne og vår/haustjamndøger), lavt luft-trykk og langvarig pålandsvind.

Planområdet vert delvis skjerma av øygruppa vest for Paradisbukta og bølgebildet består av to typer bølger som kan opptre samtidig eller uavhengig av kvarandre:

- Lokale vindbølger danna i Herøyfjorden og gjennom Røyrasundet.
- Havsjø frå Norskehavet som kjem inn gjennom Herøyfjorden.

Bølger som treff land medfører oppskylling og vatn (flaum) inn på land. Slik flaum kan føre til skader på bygningar i form av vasskade, slagskade og skade som følge av at flytande objekt vert kasta mot bygningane. Vatnet kan også vere ei fare for personar og køyretøy innanfor området.

Norconsult AS har på oppdrag frå Herøy kommune utarbeidd eit notat som viser stormflo- og bølgeberekningar i samsvar med TEK 17 § 7-2, og gir tilrådingar på kotehøgder og alternativ rundt sikring mot bølger. Notatet er vedlagt (vedlegg 7) og er også nærare omtalt i avsnitt 7.6 samt i ROS-analysen.

## 5.9 Teknisk infrastruktur


Det er registrert sjøkabel gjennom Herøyfjorden sør for Mowi AS og ein jordkabel gjennom planområdet.

Sør for Mowi har verksemda rør for inntak og utslepp av sjøvatn som dei nyttar i verksemda si.

Telenor har kablar i jord i området.

## 5.10 Grunntilhøve

NGUs lausmassekart viser at det i hovudsak er bart fjell i området på land med stadvis tynt dekke av andre masser på toppen.



Figur 11: NGUs løsmassekart. <http://geo.ngu.no/kart/losmasse/>

Norconsult AS har utført grunnundersøkingar i området på oppdrag frå Herøy kommune, sjå vedlegg 5 *Geoteknisk datarapport 5181198. Paradisbukta industriområde. Norconsult AS 02.11.18.*

### 5.10.1 På land

Grunnundersøkingane og synfaring i området stadfester at det finnes berg i dagen og berg dekt av myr og/eller faste til meget faste masser, antatt morene og fyllmassar. Tjukkelse av myr er ca. 1 m ved P23 men det forventast variasjonar i området. Det er registrert berg på 4,7 m djup frå toppen.

Det er ikkje funne teikn til kvikkleire eller sprøbruddmateriale i området.

### 5.10.2 I sjøen

Grunnundersøkingane frå sjøbotnen viser organiske masser, meget blaute/lause til blaute/laust lagra masser med mektigheit frå ca. nokre centimeter til 5 meter og deretter faste til meget faste masser til berg/botnen av sondering.

Dei blaute/laust lagra massene vert skildra frå toppen som organisk sand/skjellsand og deretter lagdeling av siltig sand/sandig silt.


Undersøkingane viser at berget dannar små dalar/renner fylt med lausmasser.

## 5.11 Forureining

### 5.11.1 På land

I miljødirektoratet sin database over grunnforureining er det registrert to lokalitetar på Eggesbøneset, vist i Figur 12. Det er mistanke om forureining ved lokalitetane sidan dei er oppgitt som kommunale deponi. Lokalitetane er registrert i grunnforureiningsdatabasen (Eggesbønesvalen - ID 4484) omfattar eit samla areal på 43 407 m<sup>2</sup>. Forureining frå landbaserte deponi kan potensielt lekke ut i sjø.

Det er ikkje registrert løyve til deponi ved Eggesbøneset i Miljødirektoratet sin nettbaserte oversikt over verksemdar med utsleppsløyve *Norske Utslepp*. Det er ikkje utført undersøking av forureining i området, og det føreligg ikkje kjennskap til kva forbindelsar det er mistanke om i jorda.



Figur 12: Lokalitetar registrert i Miljødirektoratet sin database over grunnforureining. Kjelde: gislink.no.

### 5.11.2 På sjøbotnen

Norconsult AS utførte ei miljøteknisk sjøbotnundersøking i 2018 på vegne av Herøy kommune. Det vart tatt prøver frå tre stasjonar med fire grabbhogg frå kvar stasjon. Rapporten: *Miljøteknisk sjøbunnsundersøkelse, Utfylling i sjø, Paradisbukta industriområde*, Norconsult AS, 14.08.2018 er vedlagt reguleringsplanen (vedlegg 3).

I aktuell rapport er sediment klassifisert i høve med Miljødirektoratet sin rettleiar M-608. I 2018 vart det utgitt ein ny rettleiar frå Miljødirektoratet med tilstandsklassar for sediment, rettleiar 02:2018 –


Klassifisering av miljøtilstand i vatn. Tabell 1 viser aktuelt klassifisering system. Tabell 2 viser klassifisering av massane etter gjeldande lovverk.

Tabell 1 Klassifiseringssystem for vatn og sedimenter. Henta frå rettleiar 02:2018.

| I<br>Bakgrunn         | II<br>Gog                | III<br>Moderat                             | IV<br>Dårlig                                          | V<br>Svært dårlig            |
|-----------------------|--------------------------|--------------------------------------------|-------------------------------------------------------|------------------------------|
| Bakgrunnsnivå         | Ingen toksiske effekter  | Kroniske effekter ved langtids-eksponering | Akutt toksiske effekter ved korttids-eksponering      | Omfattende toksiske effekter |
| Øvre grense: bakgrunn | Øvre grense: AA-QS, PNEC | Øvre grense: MAC-QS, PNEC <sub>akutt</sub> | Øvre grense: PNEC <sub>akutt</sub> * AF <sup>1)</sup> |                              |

Tabell 2 Analyseresultat frå rapport datert 14.8.2018 klassifisert etter gjeldande lovverk (02.2018).

| Parameter            | Enhet    | Stasjon |      |      | Parameter           | Enhet    | Stasjon |       |       |
|----------------------|----------|---------|------|------|---------------------|----------|---------|-------|-------|
|                      |          | S1      | S2   | S3   |                     |          | S1      | S2    | S3    |
| Tørrestoff (DK)      | %        | 29.9    | 50.5 | 44.6 | Sum PAH carcinogene | µg/kg TS | 790     | <100  | 110   |
| Vanninnhold          | %        | 70.1    | 49.5 | 55.4 | PCB 28              | µg/kg TS | <0.50   | <0.50 | <0.50 |
| Kornstørrelse >63 µm | %        | 88.8    | 95.8 | 91.2 | PCB 52              | µg/kg TS | <0.50   | <0.50 | <0.50 |
| Kornstørrelse <2 µm  | %        | 0.2     | <0.1 | 0.2  | PCB 101             | µg/kg TS | <0.50   | <0.50 | <0.50 |
| TOC                  | % TS     | 4.4     | 2.6  | 5.1  | PCB 118             | µg/kg TS | <0.50   | <0.50 | <0.50 |
| Naftalen             | µg/kg TS | 17      | <10  | 13   | PCB 138             | µg/kg TS | 2.8     | <0.50 | <0.50 |
| Acenaftalen          | µg/kg TS | 28      | <10  | 12   | PCB 153             | µg/kg TS | 2.1     | <0.50 | <0.50 |
| Acenaften            | µg/kg TS | 13      | <10  | <10  | PCB 180             | µg/kg TS | 1.4     | <0.50 | <0.50 |
| Fluoren              | µg/kg TS | 30      | <10  | <10  | Sum PCB-7           | µg/kg TS | 6.3     | <4    | <4    |
| Fenantren            | µg/kg TS | 110     | <10  | 18   | As (Arsen)          | mg/kg TS | 21      | 3.5   | 8.2   |
| Antracen             | µg/kg TS | 44      | <10  | <10  | Pb (Bly)            | mg/kg TS | 41      | 9     | 8     |
| Fluoranten           | µg/kg TS | 240     | 24   | 28   | Cu (Kopper)         | mg/kg TS | 120     | 39    | 20    |
| Pyren                | µg/kg TS | 190     | 26   | 21   | Cr (Krom)           | mg/kg TS | 36      | 36    | 22    |
| Benso(a)antracen     | µg/kg TS | 110     | <10  | 14   | Cd (Kadmium)        | mg/kg TS | 1.7     | 0.58  | 0.91  |
| Krysen               | µg/kg TS | 150     | 12   | 17   | Hg (Kvikksølv)      | mg/kg TS | 0.28    | 0.04  | 0.04  |
| Benso(b)fluoranten   | µg/kg TS | 110     | 18   | 14   | Ni (Nikkel)         | mg/kg TS | 21      | 23    | 13    |
| Benso(k)fluoranten   | µg/kg TS | 69      | 13   | 12   | Zn (Sink)           | mg/kg TS | 160     | 79    | 47    |
| Benso(a)pyren        | µg/kg TS | 110     | 14   | 15   | Tørrestoff (TS)     | %        | 19.9    | 45.5  | 45    |
| Dibenso(ah)antracen  | µg/kg TS | 34      | <10  | <10  | Monobutyltinnkation | µg/kg TS | 10.4    | 1.89  | 2.41  |
| Benso(ghi)perylene   | µg/kg TS | 110     | 12   | 19   | Dibutyltinnkation   | µg/kg TS | 283     | 5.6   | 8.54  |
| Indeno(123cd)pyren   | µg/kg TS | 100     | 12   | 16   | Tributyltinnkation  | µg/kg TS | 253     | 7.6   | 4.74  |
| Sum PAH16            | µg/kg TS | 1500    | 130  | 200  |                     |          |         |       |       |



Figur 13: Stasjonane er fargekoda etter den høgaste påviste tilstandsklasse i høve med Miljødirektoratet sin rettleiar 02:2018. Modifisert frå figur i miljøteknisk sjøbotnundersøking datert 14.8.2018.


## 5.12 Støy

Berekningane i rapporten *Støyutredning Paradisebukta*, Norconsult AS, 2021 viser at bustadar ved Eggesbøvegen nord for industriområdet ligg i utkanten av gul støysone både med omsyn på døgnmidla og nattmidla støy.

Ingen andre bustadar har støy over gjeldande grenseverdier i dagens situasjon.

Støyutbreiinga er generelt noko større på natt. Dette fordi det er foresett at nattkontinuerleg støy fra hjelpemotorar fra båtar, samt ein 10 dB strengare grenseverdi samanlikna med grense for døgnmidla nivå.

### 5.13 Naturressursar



Figur 14: Ventemerder på Eggesbønes. Kjelde: kart.fiskeridir.no.

Det er registrert ei ventemerder for slakteriet på Eggesbønes (loklaitetsnr. 30597) med et areal på 3166 m<sup>2</sup>. Her vert fisk oppbevart i påvente av slakting. Det er ikkje foring i ventemerder.



Figur 15: Skravuren viser eit regionalt viktig gyteområdet for torsk. Kilde: kart.fiskeridir.no.

Havforskningsinstituttet (HI) registrerte i 2016 eit regionalt viktig gytefelt for torsk i området rundt Leinøya og Bergsøya (sjå Figur 15).

Det foregår fritidsfiske frå ulike stadar i sundet og på vestsida av Eggesbøsteinen. Sør for planområdet er det i følge Fiskeridirektoratet si kartdatabase Yggdrasil registrert eit bruksområde for fiske både med passive og aktive redskap.



Figur 16: kart frå NIBIO viser markslag (AR5) og området med vernskog.


Mørk skravering i Figur 16 viser område med vernskog like utanfor planområdet. Vernskog fungerer som beskyttelse mot naturskader og gir vern mot vêr og vind for annan skog, dyrka mark og utbygging. Landbruksdirektoratet skriv at ut mot havet eller langt mot nord veks skogen saktare og foryngar seg ikkje så lett, og her er skogen viktig for å oppretthalde seg selv. Tynt jordlag gir vanskelege vekst- og etableringsforhold for tre og gjer skogen sårbar mot forynging.

## 5.14 Naturmangfald

### 5.14.1 Terrestrisk

Naturbasen hos Miljødirektoratet og Artskart i Artsdatabanken er nytta for informasjon om naturmangfald. Det er ingen registreringar innanfor planområdet, men det er fleire registreringar i området rundt, særleg knytt til fugl. Det er ikkje registrert framande uønska arter i planområdet, men det er mange slike registreringar på fv. 654.

Der er registrert Lomvi (kritisk trua art) i Paradisbukta i 2006. Vidare er det i 2012 registrert makrellterne (sterkt trua art) ved Eggesbønes. Ved Gjertnes er det i 2013 registrert ærfugl (nær trua art). I Eggesbønesstraumen er det i 2016 registrert dvergdykkar (sårbar art). Storspove (sårbar art) er i 2012 registrert ved Grønhaug.



Figur 17: Naturtyper og arter av særlig stor forvaltningsinteresse registrert i Naturbasen (28.02.20).

Ute i fjorden, sør aust for planområdet, ligg ei rekke øyar og holmer (Herøya, Skafferholmens, Fugleholmen, Petterholmen, Nautøya mfl.) som har høg naturverdi av ulike kategorier, i stor grad knytt til fugleviv.

Herøy kommune er kjent med at det er registrert hubro nær planområdet, og forholdet til denne sterkt trua arten er utgreidd i eigen rapport som er unntatt offentlegheita. Omsynet til hubro er også utgreidd med omsyn til konfliktpotensial knytt til fritidsbustadar sør for Eggesbøsteinen i eit eget notat frå 2018 (vedlegg 4). Blant annet av omsyn til hubro vart fritidsbustadane tatt ut av planen.


### 5.14.2 Marint

Utfyllingsområdet er omslutta av vassførekomstane Eggesbønesstraumane-Eggesbøvågen (0301011600-3-C) og Herøyfjorden-Røyrasundet (0301011700-3-C), høvesvis klassifisert som oksygenfattig fjord og moderat eksponert kyst. Begge førekomstar er klassifisert med god økologisk tilstand og ukjent kjemisk tilstand. Herøyfjorden er påverka av diffus avrenning og utslepp frå fiskeoppdrett i liten grad, og i ukjent grad av punktutslepp frå akvakultur og lakselus. Det er ingen risiko for at desse vassførekomstane ikkje vil nå dei nasjonale måla for god økologisk og kjemisk vasskvalitet innan 2021.

Det er ikkje registrert nokon marine naturtypar eller artar av forvaltningsinteresse innanfor planområdet for planlagt fylling. Det er registrert ein naturtype av forvaltningsinteresse i Straumane (undervasseng, verdi: viktig), sjå avmerking i Figur 18, her er det også registrert algen *Focus cottonii* (nær trua art). Undervassenger kan vere sårbare for skade som følge av tiltak i sjø dersom det er mye finpartikulært materiale som bli kvervla opp frå sediment eller vert vaska ut frå utfyllingsmassane, sidan dette potensielt kan medføre at sjøbotn slammast til.

Det er registrert eit regionalt viktig gytefelt for torsk, skildra under tema naturressursar. Blakking av sjøen, som følgje av partiklar i vatnet, kan ha negative effektar på gytesuksess i det aktuelle området under utføring av utfylling.

Risikovurdering av skade på naturressursar i området under sjølv utføring av utfyllinga skal utførast i samband med søknad om utfylling i sjø som skal handsamast av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.




Figur 18: Oversiktskart (t.v.) med lokalisering av tiltaksområdet (raud boks) og gytefelt for torsk (skravert grå). Utheva kart (t.h.) viser tiltaksområdet (raud boks) og undervassenga i Straumane der det er observert algen *Focus cottonii* (skravert grønn).

## 5.15 Friluftsliv

I følge kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (2011-2014) er det ikkje registrert anlegg for idrett og friluftsliv, nærmiljøanlegg eller badeplassar i planområdet eller nær planområdet. Det går ein tursti parallelt med tilkomstvegen til industriområdet.

Terrengformasjonen rundt Eggesbøsteinen er registrert (2001) i Møre og Romsdal fylke sin friluftsdatabank FRIDA med bruksverdi «lokal». I faktaarket til registreringa står det blant anna at «området utgjør eit fint utfarts- og badeområde, og har gode tilhøve for sportsfiske.»

Kommunen stiller seg undrande til denne registreringa og avgrensinga då det i følge Herøy kommune er det lite friluftslivsaktivitet i området. Den mest aktuelle friluftslivsbruken skjer av tilfeldige gåande i fjøra sør for Eggesbøsteinane.



Figur 19: Statleg sikra friluftsområde på Herøya. Kjelde: Naturbasen, Miljødirektoratet, 27.02.20.

Det er eit statleg sikra friluftsområde ute i fjorden på Herøya. Avstanden mellom ny fylling og dette friluftsområdet er ca. 1 kilometer.

## 5.16 Kulturarv

Eit kulturminne er eit spor etter menneskeleg liv og virke. Det kan også vere stader det knyt seg historiske hendingar, tru eller tradisjonar til. Kulturminna representerer kjelder til kunnskap om fortidige samfunn, og ein ressurs for oppleving og bruk – i dag og i framtida.

Kulturminne frå forhistorisk tid og mellomalder (eldre enn 1537) er automatisk freda i kraft av sin høge alder, jf. Kulturminnelova § 4. Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1536) kan også ha høg verdi. Særleg verdifulle kulturminne kan bli vedtaksfreda, jf. Kulturminnelova §§ 15 og 19.

I samband med varsel om planoppstart fremja Møre og Romsdal fylkeskommune krav om arkeologisk registrering som vart utført i september 2018, og rapporten vart ferdigstilt 08.02.2019 (vedlegg 6). Føremålet med ei slik registrering er å undersøke forholdet mellom tiltaket og eventuelle automatisk freda kulturminne, jf § 9 i Kulturminnelova av 9. juni 1978.

Innanfor det opprinnelege varselet planområdet har ein fire steinalderlokalitetar:

- ID 146183-1 – Kulturminnet vart utvida som følgje av registreringa.
- ID 146184-1 – Ingen endring etter registreringa, ligg nærme 146183-1.
- ID 146185-1 – Ingen endring etter registreringa, ligg vest for 146183-1.
- ID 156854-1 – Ingen endring etter registreringa og ligg sør for MOWI ASA delvis i sjøen.

For informasjon om dei ulike lokalitetane vert det vist til vedlagt rapport, vedlegg 6.

Ved konflikt med automatisk freda kulturminne, kan ein enten forsøke å tilpasse planane slik at desse ikkje kjem i konflikt med tiltaket, eller søke om dispensasjon frå lovverket. Ved eit eventuelt dispensasjonsvedtak kan det bli stilt vilkår om arkeologisk utgraving før iverksetting av tiltaket, for slik å sikre at kunnskapen ikkje går tapt for framtidige generasjonar.



Figur 20: Lokalitetar med automatisk freda kulturminne (raud) og 5 m sikringssone (gult). Figuren er henta frå rapporten frå kulturminneregistreringen utført av Møre og Romsdal fylkeskommune i 2018.

## 6 Skildring av planforslaget

### 6.1 Hovudgrep


Planen gir heimel til å etablere næringsverksemd på eit areal langs sørsida av Evangervegen. Dette vert etablert ved at ein fjernar masser og etablerer ei større flate i nivå med vegen. Området utgjer i underkant av 30 daa. Planen opnar for ytterlegare utfylling i sjø. Totalt er det vist om lag 90 daa næringsareal på utfyllt område. Samla vert det regulert i underkant av 120 daa næringsareal.

Offentleg køyreveg som er vist omfattar dagens veg og ei forlenging gjennom næringsarealet slik at vegen betener alle tomter og kaiområde. Det er regulert gang og sykkelveg langs Evangervegen si sørside. Ved avkøyning til BN2 skiftar denne side og er forlenga vidare slik at det kan leggst til rette for at det skal vere trygt å gå og sykle til alle næringsområda.

Dagens kai mot nord er forlenga vidare austover og det er også regulert kaiareal mot aust. Mot sør er området mellom vegen og sjøen regulert til hamnelager, og det er ikkje planlagt kaikonstruksjon mot sør.

Det er lagt inn eige føremål for akvakultur der ventemerdane er lokalisert i dag.

Som buffer mellom bustadar i vest og LNF område i sør er det regulert grøntstruktur i form av vegetasjonsskjerm. I den delen av vegetasjonsskjermen som ligg mellom bustadar og industriområde er det høve til å bygge støyvollar dersom det vert etablert verksemd som gir behov for å skjerme bustadane mot støy. Vegetasjonsskjermen har varierende breidde, men er om lag 30 meter på det jamne.



Figur 21: Plankart, justert etter 1. gongs offentlig ettersyn.

## 6.2 Arealføremål

Tabell 3: Arealføremål pr. 20.01.2022


| <b>Arealformål</b>                                                               |                    |
|----------------------------------------------------------------------------------|--------------------|
| <b>§12-5. Nr. 1 - Bygninger og anlegg</b>                                        | <b>Areal (daa)</b> |
| 1300 - Næringsbebyggelse (4)                                                     | 124,5              |
| <b>Sum areal denne kategori:</b>                                                 | 124,5              |
|                                                                                  |                    |
| <b>§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>                 | <b>Areal (daa)</b> |
| 2011 - Køyreveg                                                                  | 5,0                |
| 2015 - Gang-/sykkelveg (2)                                                       | 2,1                |
| 2019 - Annan veggrunn - grøntareal (6)                                           | 3,1                |
| 2041 - Kai (2)                                                                   | 10,3               |
| 2043 - Hamnelager                                                                | 11,6               |
| <b>Sum areal denne kategori:</b>                                                 | 32,1               |
|                                                                                  |                    |
| <b>§12-5. Nr. 3 – Grøntstruktur</b>                                              | <b>Areal (daa)</b> |
| 3060 - Vegetasjonsskjerm                                                         | 18,8               |
| <b>Sum areal denne kategori:</b>                                                 | 18,8               |
|                                                                                  |                    |
| <b>§12-5. Nr. 6 – Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone</b> | <b>Areal (daa)</b> |
| 6220 - Hamneområde i sjø (2)                                                     | 113,6              |
| <b>Sum areal denne kategori:</b>                                                 | 113,6              |
|                                                                                  |                    |
| <b>Totalt alle kategorier: 289,0</b>                                             |                    |

### 6.3 Oppbygging av fyllinga

Planområdet, særleg den sørlege delen, er utsett for bølger og fronten må sikrast tilstrekkeleg. Herøy kommune legg til grunn at utbyggingsområde vert dimensjonert for sikkerheitsklasse F2 som blant anna inneberer at fyllinga vert lagt på 3,0 m NN2000 og at fyllinga mot sør vert sikra ytterlegare 0,9 meter med eit bølgevern (totalt 3,9 m NN2000 mot sør). Det er berekna fare for oversvømmelse 20 meter inn frå sør, 15 meter frå aust og 5 meter om nord. Området er vist med faresone på plankartet og det kan ikkje gjerast tiltak i fareområdet før tilstrekkeleg sikring mot bølger og stormflo er dokumentert.

Sjå nærare omtale at stormflo og bølger i kp. 7.6 samt vedlagte notat *Stormflo vurdering – Paradisbukta, datert 09.03.20*, vedlegg 7.

Figur 22 viser eit tverrsnitt av planlagt fyllingsskråning mot sør. Fyllinga mot aust og nord vil vere tilsvarende, berre utan ekstra bølgevern på toppen. Kaia mot aust og nord kan etablerast noko lavare (minimum 2,8 m NN2000).




Figur 22: Tverrsnitt av planlagt fylling.

## 6.4 Vurderte, men forkasta alternativ

### 6.4.1 Fritidsbustadar sør for Eggesbøsteinen

Ved varsel om oppstart og høyring av planprogram hadde Herøy kommune eit ønske om å legge til rette for fritidsbustader sør for Eggesbøsteinen og det vart i samband med det vurdert to ulike løysingar for vegtilkomst. Sjå foreslått plassering av hytteområde og moglege løysingar for veg i figuren under.



Figur 23: Vurdert hytteområde med tilhørende vurderte tilkomstveger.


Det vart gjennomført ei vurdering av konfliktpotensialet. Tema som vart vurdert var landskapsbilete, friluftsliv, naturmangfald, kulturarv og vernskog. Notatet utarbeidd av Norconsult AS 2018 er vedlagt reguleringsplanforslaget, vedlegg 4.

I dialog med Fylkesmannen i Møre og Romsdal vart det konkludert med at det ikkje er fagleg tilrådeleg å gå vidare med reguleringsplan for fritidsbustadar med tilhøyrande veg og infrastruktur. Det vart vurdert at hytteområdet med tilhøyrande vegar, turstiar og anna infrastruktur vil ha konfliktpotensiale knytt til landskapsbilete, friluftsliv og naturmangfald. Utbygging vil truleg medføre at hekkelokaliteten ved Eggesbøsteinen permanent mister sin funksjon som hekkelokalitet og /eller alternativ reirlokaltet i yngleterritoriet på Bergsøya. Etter føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova (nml) § 9 må ein ta utgangspunkt i at dette vil skje. Hubro er ein raudlista art i nedgang og etter naturmangfaldlova § 10 vert det vurdert at utbygging av fritidsbustader med tilhøyrande veg og infrastruktur heilt sikkert vil vere negativt for den lokale bestanden av arten, moglegvis også nasjonalt. Å legge til rette for fritidsbustader med tilhøyrande veg og infrastruktur vert difor vurdert å vere i strid med nml §§ 1 og 5.

#### 6.4.2 Deponering av mudringsmasser frå Fosnavåg hamn.

Det har vore vurdert om Paradisbukta er eigna som deponiområde for mudringsmasser frå utdjuningsprosjektet ved Fosnavåg hamn.


To alternative lokalitetar har vore vurdert. På lokalitet 1 er det skissert to variantar for tradisjonelt strandkantdeponi med tett steinsjete rundt. Ein liten og ein stor variant som vist på figur under.



Figur 24 - Gul skravur markerer omfanget av deponering mudringsmasser. Stor variant til venstre gir kapasitet på 151 000 m<sup>3</sup>. Liten variant til høyre gir kapasitet på 108 000m<sup>3</sup>.

Den andre lokasjonen som er vurdert, er å sprengre ut ei fjellgropa til under havnivå i område som er regulert til vegetasjonsskjerm, sjå alt. 2 i figur under

Denne gropa kan fyllast med mudringsmasser før ein deretter avsluttar deponiet og tilbakefører området til grøntstrukturformålet. Dette alternativet hadde også den fordel at ein fekk tilgang på masser som kan nyttast til utfylling av industriareal, BN4. Sjå figur under.



Figur 25 - Alternativ 2 i figur til venstre vart vurdert som lokasjon for deponering av mudringsmasser. Til høgre prinsippet om at masser frå nedsprenging av areal og grop for mudringsmasser kan nyttast til utfylling i sjø.

Begge alternativa vart vurdert som eigna for deponi, men usikkerheit knytt til framtidig bruk av arealet over pga. setningar og gassdanningar gjorde at strandkantdeponi vart vurdert som minst eigna. Usikkerheit knytt til MOWI sitt omdømme, miljø og matvaresikkerheit gjorde at ein gjekk vekk frå begge lokalitetane.

Det vil bli utarbeidd ei overordna lokaliseringsanalyse for deponering av masser frå Fosnavåg hamn. I denne analysa vil ikkje Paradisbukta inngå som eit alternativ.

## 6.5 Endringar etter 1. gongs offentlig ettersyn


Ved offentlig ettersyn var det foreslått å regulere ei vegløyising på området som er fylt ut i sjø. Ein har per no ikkje kunnskap om kva utbygging som vi kome her, om arealet vil verte nytta som utvidingsareal for eksisterande verksemd eller om nye verksemdar vil etablere seg. Difor har ein vurdert at ein ikkje har grunnlag for å fastsetje korleis vegløyisinga skal vere. I staden har ein gjennom føresegnar for arealføremålet stilt krav til kva funksjon ein veg skal ha og sikra at offentlig kaiareal er tilgjengeleg via offentlig vegnett. Det er krav om at situasjonsplan vedlagt byggesøknad skal vise at dette er ivaretatt. Grensa mellom BN3 og BN4 er justert noko og er tilpassa eigedomsgrensa på kaiarealet mot nord.

Det er lagt inn ei faresone for anna fare i eit område som er registrert som deponi i grunnforureiningsdatabasen. Føresegnene stiller krav om at eventuelle inngrep innanfor området skal utførast i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 2. Ev. tiltak skal ikkje vere til hinder for ei framtidig sikring av deponiet. Dette er i tråd med innspel som kom frå statsforvaltaren i samband med 1. gongs høyring av planen.

Det er utarbeidd ei støyutgreiing. I denne er framtidig støy berekna og grenseverdiar gitt gjennom føresegnene. Det er stilt krav om dokumentasjon av støy for dei områda der ein vurderer at nye tiltak kan gi støyauke som gir overskridingar av grenseverdiar for støyfølsame bygningar. Sjå nærare omtale i kp. 7.10 og vedlegg 8.

Prosess og konklusjon i vurdering av området som lokalitet for deponering av mudringsmasser frå Fosnavåg hamn er omtala i kp. 6.4.2

Område for akvakulturanlegg er erstatta med hamneområde i sjø i samsvar med merknad frå Kystverket. I føresegnene er det gjort presiseringar av føremålet, mellom anna føringar knytt til utfylling og utdjuing. Det er utarbeidd eit nytt notat som omhandlar sjøtransport, manøvrering og utdjuing som no er vedlagt plandokumenta, sjå vedlegg 9. Dette skildrar at det kan vere behov for utdjuing også på mindre areal rett utanfor planområdet. Inngrepet er vurdert å vere mindre vesentleg og føresegnene opnar for at dette tiltaket kan gjennomførast samtidig med utdjuingane innanfor planområdet, sjå figur 26.



Figur 26 – Planlagt kaiareal (lengde ca. 80 m.) Utdjuingsområde til -10,0 er markert med raud strek. Dei to områda som ligg utanfor planområdet er markert med gul ring (Kjelde: Vedlegg 9).

## 7 Verknader og konsekvensar av planforslaget (konsekvensutgreiing)

Konsekvensutgreiinga tek opp tema som er vurdert å vere vesentleg for å ta avgjerd om arealbruken innanfor planområdet. Følgande tema er vurdert: Industri og sysselsetjing, barn og unge, landskapsbilete, trafikk til lands og til sjøs, stormflo og bølger, teknisk infrastruktur, grunntilhøve, forureining, støy, naturressursar, naturmangfald, friluftsliv og kulturarv.

### 7.1 Industri og sysselsetting

Reguleringsplanforslaget legg til rette for ei betydeleg utviding av området avsett for næringsbebyggelse på Eggebønes.

Utvidinga vil tilrettelegge for at Mowi AS vil kunne utvide si verksemd, men det er regulert eit større area enn det Mowi AS har signalisert at dei har behov for. Dette gir rom for at også andre bedrifter kan etablere seg i området. I tillegg til dei arbeidsplassane dette utgjør, har også denne typen verksemd ringverknader i form av auka etterspurnad etter varer og tenester elles i kommunen.

I dag er kaier innanfor planområdet private. Planen tilrettelegg for å bygge nye offentlege kaiområde. Kai- og hamneverksemd er i seg sjølv ei næring. I tillegg gir det eit tilbod til sjøretta verksemd, både den som ev. etablerer seg i planområdet og dei som berre har behov for kaifunksjonen.

#### Vurdering av konsekvens:

For industri og sysselsetjing er tilrettelegging for utviding av eksisterande verksemd og nye verksemdar på Eggebønes svært positiv. Etablering av kai vert også vurdert som positivt for industri og sysselsetjing.

### 7.2 Barn og unge

Stien som går inn på det eksisterande naturområdet vil i planen verte regulert som næringsområde og vil ved utbygging forsvinne. Denne stien startar nær eksisterande bustadar og ein kan ikkje sjå vekk frå at den vert nytta av barn og unge. Området er elles myrlendt og eignar seg dårleg for lek og opphald. Området sin verdi for barn og unge vert vurdert som låg.

Meir trafikk på dei tilliggande tilkomstvegane som følge av auka aktivitet i planområdet ved ei utbygging i samsvar med planforslaget vert vurdert som den største ulempa for barn og unge. Som avbøtande tiltak legg planen til rette for gang- og sykkelveg langs Evangervegen. Trafikksituasjonen vert likevel vurdert som noko forringa.

#### Vurdering av konsekvens:

Konsekvensen for barn og unge vert samla sett vurdert å vere noko negativt.

### 7.3 Landskapsbilde

For landskapsbilete vert det i hovudsak vurdert fjernverknad. Dette då tiltaket har ei avskjerma lokalisering som gjer at nærverknaden i liten grad påverkar omgivnadane. Det er også Eggesbøsteinane si karakteristiske landskapsform som er vurdert å ha størst verdi og dette gjer også at fjernverknader er vurdert å vere mest vesentleg.

Planen gir grunnlag for fire tiltak som påverkar landskapsbilete: Utsprenging av næringsareal (BN1), nye bygningsvolum på næringsareal, utfylling i sjø og tilkomstveg.

Utsprenging av nytt næringsareal aust for lakseslakteriet vil gi endring i landskapsbilete, då naturleg terrengformasjonar mellom næringsarealet, bustadar og fjellformasjonane sør for området, Eggesbøsteinane, vert redusert. For å bøte på tiltaket er det lagt inn ein grøn buffersone (GV) med varierende breidde mot bustadar og Eggesbøsteinane.

Bygningsvolum er tiltaket som er vurdert gir størst endring i landskapsbilete. Bygningsvoluma sine plasseringar, dimensjon og fargebruk vil avgjere kor stor konsekvens tiltaket vil ha. Bygningsvolum som harmonerer med omgivnadane med bruk av riktig fargesetting, plassering og skala vil gi liten konsekvens for landskapsbilete. Bygningsvolum som bryt med ikringliggande landskap, i fargesetting og skala, vil dominere i det småskala landskapet og gi større negativ konsekvens i landskapsbilete. For å sikre ei utbygging som i størst mogleg grad harmonerer med ikringliggande landskap, gir reguleringsføresegnene føringar for utforming av bygningsvoluma.

Ny utfylling i sjø har eit omfang på om lag 65 000 m<sup>2</sup>. Tiltaket medfører også at naturlege terrengformasjonar aust for lakseslakteriet vert sprengt slik at ein får eit stort flatt område tilrettelagt for utbygging av næringsareal. Det blir etablert ny kai mot nord og aust, og ei fylling av plastra sprengstein mot sør. Utfylling er knytt til eksisterande, liknande tiltak. Storleiken på utfyllinga bryt med området sitt småskala landskap, og vil gjere industriområdet meir framtrедande i landskapsbilete.

Tilkomstveg knyt seg til eksisterande veg, og på utfyllt område gjennom næringsområdet. Vegen ligg mellom industribygg, og vil i liten grad påverke landskapsbilete.

#### Vurdering av konsekvens:

Konsekvensen for landskapsbilete vert samla sett vurdert å vere noko negativt (-).

### 7.4 Trafikk til lands

Ved å opne for ei vesentleg auke i næringsbebyggelse vil det gje ei merkbar auke i trafikk, både personbilar og tyngre køyretøy. Planen legg opp til verksemdar som genererer lav til moderat trafikkmengde, ein skal ikkje ha handelsverksemd på området. Fartsgrensa i dag er 30 km/t og det er etablert fysiske fartsdumpar for å sikre lavt fartsnivå. Det vil uansett bli auke både i talet på køyretøy og trafikkstøy.

Ein samanhengande gang- og sykkelveg bør etablerast heilt fram til planområdet slik at mjuke trafikantar kan ferdast adskild frå trafikken. Truleg vil storparten av trafikken vere arbeidsrelatert og pågå på dagtid. Ein bør tilstrebe at der ikkje er for mykje aktivitet og trafikk på kveld og helg.

### Vurdering av konsekvens:

Ei auke i trafikk og særleg tungtrafikk vil gi ein negativ konsekvens for nabolaga til planområdet, men det kan hjelpe med avbøtande tiltak som nemnd i teksten over. Omfanget er det vanskeleg å seie noko konkret om når ein ikkje veit kva bedrifter og i kva storleik det blir utbygd. Konsekvensar av auka trafikkstøy er omtala nærare i kapittel 7.10.

## 7.5 Trafikk til sjøs

Det er stor trafikk i hovudleia forbi Paradisbukta. Utviding av industriområdet vil ikkje påverke trafikken i hovudleia. Det er gode manøvreringsforhold til/frå eksisterande kai, noko som framleis vil være tilfellet etter utfylling og etablering av ny kai.

Planen legg til rette for etablering av nytt kaiareal. Dette vil kunne nyttast av eksisterande og nye verksemdar som har behov for å frakte varer inn/ut. I tillegg vil den avlaste eksisterande kaier i kommunen. Kommunen har ei stor båtflåte. Ved høgtider og uvêr kan kapasitet vere ei utfordring.

Kaia mot nord gir plass til ein vendesirkel med diameter 190 meter nord for kailinja. Også mot aust er det lagt til rette for at kai kan byggast langsetter fyllingsfronten. Det er utarbeidd eit notat som omtalar sjøareal, sjøtransport og manøvrering meir detaljert, sjå vedlegg 9.

Det er forventa at ny kai vil medføre auke i sjøtrafikk, men det er ikkje grunnlag for å talfeste dette på noverande tidspunkt.

### Vurdering av konsekvens:

*Ingen/ubetydeleg (0).*

## 7.6 Stormflo og bølger

Det er utført berekningar av bølger og stormflo i samsvar med TEK 17 § 7-2 (*Stormflo vurdering – Paradisbukta, Norconsult datert 09.03.20*), sjå vedlegg 7. I berekningane er det lagt til grunn dimensjonerande stormflo for gjeldande sikkerheitsklasse i tillegg til framtidig havnivåstigning frem til 2090.

Herøy kommune legg til grunn at utbyggingsområde vert dimensjonert for sikkerheitsklasse F2. Det vil i hovudsak vere den sørlege fyllingsfronten som er utsett for betydeleg overskylling. Berekninga viser at fyllingshøgde må ligge på minimum 3,0 m NN2000. Mot sør er det i tillegg behov for eit bølgevern på 3,9 meter over NN2000, noko som tilsvarar 0,9 m over fyllingshøgda (sjå figur 24 i kp. 6.3) og ein sikkerheitsavstand frå sjøen til næraste bygningsdel på 20 meter.

Det er planlagt kai mot nord og aust. Kaia kan ligge noko lavare enn fyllinga og skal ha minimum høgde på 2,8 m NN2000. Det vert vurdert som tilstrekkeleg at bygningar langs den austlege sjøfronten har ein avstand frå sjøen på 15 m og mot nord har ein avstand frå sjøen på 5 m. Dette føresett at golvnivået ligg på minimum 3,0 m NN2000.

Stormflo og bølger er skildra i *Stormflo vurdering – Paradisbukta, Norconsult datert 09.03.20*, vedlegg 7 og er også handsama t i ROS-analyse.

### Vurdering av konsekvens:

Det er i planforslaget stilt krav for å ivareta forholda skildra ovanfor. Ved ei utbygging i samråd med føreseigner er konsekvensane av tiltaket vurdert å vere *ubetydelege (0)* med omsyn til stormflo og bølger.

## 7.7 Teknisk infrastruktur

Slik det ser ut pr. dags dato vil ikke telenettet bli påvirket eller komme i konflikt med planlagt utbygging i planområdet. Oppdaterte kart for telekabler må hentes ut i forbindelse med utbygging/graving.

Det må etablerast pumpeledning frå innkøyringa til Mowi AS og opp til kommunalt leidningsanlegg i Storesteinsråsa byggefelt. Vidare så må det etablerast leidningsanlegg for det regulerte området med pumpestasjon, for pumping til det kommunale anlegget i Storesteinsråsa byggefelt.

Veglysanlegget bør oppgraderast til LED då der er ein del gåande til Mowi AS og tungtrafikk.

Møre Nett har sjøkablar og jordkabel i området. Desse er markert med faresone på plankartet. Det er byggeforbud i faresonen med mindre annet er avtalt med netteier. Alle tiltak i terreng og anleggsarbeid skal på forhånd avtales med Møre Nett.

### Vurdering av konsekvens:

*Ubetydeleg (0).*

## 7.8 Grunntilhøve

På grunn av generelt stort innslag av baute/laust lagra masser over området kan ein i prinsippet forvente setningar og usikkerheit med omsyn på stabilitet på alle fyllingar.

Det vil truleg vere mogleg å legge ut fyllinga direkte på sjøbotnen, men for å unngå setningar og usikkerheit knytt til stabilitet må det utarbeidast ein detaljert plan for korleis dette kan gjerast på ein trygg måte, med fylling i fleire «etasjer», systematisk forflytting av tippstad, samt ventetid mellom laga. Ein slik plan må utarbeidsast av, eller godkjennast av geoteknikar. Denne utføringsmetoden er den som medfører størst behov for å måle setningsutviklinga av ny fylling. Sannsynligvis vil setningane i sedimenta under sjøbotn gå raskt, men dette må dokumenterast med setningsmålingar.

Større sikkerheit kan ein oppnå dersom det først blir utført mudring/fortrenging til fast grunn, spesielt i fyllingsfoten. Blaute/laust lagra masser må da skiftast ut med sprengstein ved fyllingsfoten for å gi stabilitet til sjøfyllinga. Slik mudring må ev. skje med kran eller med djuptrekkande gravemaskin posisjonert på stabil grunn på lav fylling like over berg, eller på lekter.

Dersom det ikkje er mogleg å mudre, kan det vere nødvendig å fortrenge dei lause massene med sprenging av ladningar plassert ved eller under fyllingsfot. Der det er stor mektigheit med blaute/laust lagra masse på sjøbotnen, må ladningar truleg plasserast i nedbora rør. For å redusere setningar under sjøfyllinga vil det vere en fordel å masseutskifte blaute/lause masser med sprengstein i heile utfyllingsområdet. Dersom dette ikkje blir gjort, er det forventa nokre centimeter setning, men setningsforholda kan betrast ved tiltak som forbelastning av fyllingen. I

tillegg er det forventet eigensetningar for fyllinga under og over vatn. Handbok V221 kap. 2.3.2.3 skriv følgande: *Fylling utlagt fra endetipp og komprimert som anvist, vil få eigensetningar av størrelsesorden inntil 1 % av total fyllingshøyde. Setningene ventes å være minst 6 mnd., men vil kunne påskyndes ved kraftig vanning / spyling under utlegging.*

For å redusere skadelege verknader av setningar og eigensetningar det tilrådd å la fyllinga ligge så lenge som mogleg før det vert oppført bygningar på fyllinga. Det er tilrådd å komprimere fyllinga ved lagvis utlegging og bruk av vibrovals over vatn. Komprimering er ein meir utfordrande jobb for den delen av fyllinga som ligg under vatn, men også for denne utfyllingsmetoden kan setningsforholda betrast ved tiltak som dynamisk djupkomprimering eller forbelastning av fyllinga. Komprimering av fylling må utførast etter at alt fortrengningsarbeid er utført. Det kan vere nødvendig å installere setningsmålepunkt for å registrere når setningane opphøyrer.

#### Vurdering av konsekvens:

Det er i planforslaget stilt krav om at det i samband med prosjektering av fyllinga må gjennomførast stabilitetsanalyser og at setningar vurderast av geotekniker. Ved ei som utbygging skjer i samråd med føresegrer vil konsekvensane av tiltaket vurdert å vere ubetydelege (0) med omsyn til grunntilhøve.

### 7.9 Forureining

Det generelle miljømålet definert i vassforskrifta for naturlege vassførekomstar, inkludert kystvatn, er at alle vassførekomstar på sikt skal ha minst god økologisk og kjemisk tilstand vurdert ut frå nasjonalt klassifiseringssystem. God kjemisk tilstand for miljøgifter i vatn, sediment og biota er definert av øvre grense for tilstandsklasse 2 i høve Miljødirektoratet sin rettleiar 02:2018.

Det er påvist konsentrasjon av toksiske forbindelse opp til tilstandsklasse 5 på sjøbotn, og sediment er klassifisert som forureina i deler av området der det skal fyllast ut. Sjøbotn i området består i hovudsak av sand, og ein liten del finpartikulært sediment. Tiltaket vil kunne medføre at noko forureina sediment vert kvervla opp. Sjølve tiltaket kan elles medføre negative effektar på vasslevande organismar og vasskvalitet under utbygging.

Det skal utførast ei tiltaksbasert risiko- og spreingsvurdering som grunnlag for søknad om utfylling i sjø som skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Det skal vurderast behov for avbøtande tiltak for å hindre skade på naturmiljøet og svekking av tilstand i resipienten.

Ei utfylling vil medføre isolering av forureininga og redusere eksponeringa for botnlevande dyr og andre marine organismar. Dette vil på sikt vere positivt for miljøet i vassførekomsten. Tildekking av forureina sediment vil komplisere ei eventuell opprydding i framtida.

For forureining på land vil det vere krav om at eventuelle inngrep innanfor området må utførast i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 2. Ev. tiltak skal ikkje vere til hinder for ei framtidig sikring av deponiet.

#### Vurdering av konsekvens:

Planen samt gjeldande lovverk stiller krav om at det skal utarbeidast ein tiltaksplan med tiltaksbasert risiko- og spreingsvurdering, at det skal søkast om løyve til utfylling hos Fylkesmannen og at dei nødvendige avbøtande tiltak ved sjølve utfyllinga for å hindre skade på miljøet vert gjennomført. Basert på dette vil ei utfylling vere positiv sidan det medfører isolering av

forureininga som då ikkje er biotilgjengeleg lenger. Sidan området er vurdert å ha middels verdi og tiltaket medfører ei forbetra situasjon vert konsekvensen vurdert å vere *noko positiv (+)*.

## 7.10 Støy

Klima- og Miljødepartementet si "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging", T-1442:2021, vert lagt til grunn ved arealplanlegging og handsaming av einskilde saker etter plan- og bygningslova (PBL) i kommunane og aktuelle statlege etatar. Den gjeld både ved planlegging av ny støyande verksemd, endring av eksisterande verksemd, og nye bygningar med støyfølsamt bruksføremål ved eksisterande eller planlagt støykjelde. Dette for å førebygge støyplager og ivareta tilfredsstillande lydnivå på utandørs opphaldsareal.

Retningslinje T-1442:2021 er rettleiande og ikkje rettsleg bindande før den er heimla i reguleringsplan eller liknande. Retningslinja deler støynivået inn i to støysoner:

- Raud sone: Viser område som ikkje er eigna til støyfølsame bruksføremål og etablering av ny støyfølsam bygningar skal unngåast.
- Gul sone: Vurderingssone der støyfølsame bygningar kan oppførast dersom avbøtande tiltak gir tilfredsstillande støyforhold.

Det er gjennomført støyberekning i samsvar med retningslinjer T-1442:2021 for tiltaka som denne reguleringsplanen omfattar, sjå vedlegg 8. Berekninga baserer seg på informasjon frå aktørane som held til på området og deira opplysningar om eksisterande og planlagt verksemd. Støyutgreiinga tek for seg støy frå båttrafikken i samband med verksemdene, vegtrafikkstøy, tekniske installasjonar på bygningane, og anna støyande aktivitet på areala.

For framtidig situasjon er det lagt til at grunn at tilsvarande verksemd som MOWI AS vert etablert i det nye utfylte kaiområdet, BN4. BN1, areala like aust for bustadfeltet i Storesteinråsa skal planerast ut og leggjast til rette for nye industriverksemdar. Det er per no uklart kva type verksemd dette blir. Utgreiinga belyser kor mykje støy som kan tillatast i det planerte arealet utan at nærliggande bustadar kjem i gul sone. Det vert også tilrettelagt for å utvide kaikapasiteten mot nord og aust, og det er lagt til grunn auka båttrafikk som følgje av det. Båtar som betener område BN4 bør fortrinnsvis legges til kai langs austsida av kaianlegget for å i størst mogleg grad skåne støyfølsame bygningar ved Eggesbøvegen.

Grenseverdiane for støysonene avhenger av støykjelde. Retningslinjene sine kriterie for soneinndeling av støy frå industri er gjengitt i tabell 4.

Tabell 4: Kriterie for soneinndeling. Utdrag frå T-1442:2016.

| Støykilde                          | Gul sone                                                                                          |                                                                                                                                       |                                                       | Rød sone                                                                                          |                                                                                                                                       |                                                       |
|------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------|
|                                    | Utendørs lydnivå                                                                                  | Utendørs lydnivå lør-, søn- og helligdager                                                                                            | Utendørs lydnivå i nattperioden kl. 23–07             | Utendørs lydnivå                                                                                  | Utendørs lydnivå lør-, søn- og helligdager                                                                                            | Utendørs lydnivå i nattperioden kl. 23–07             |
| Industri med helkontinuerlig drift | Uten impulslyd:<br>Lden 55 dB<br>Med impulslyd:<br>Lden 50 dB                                     |                                                                                                                                       | Ln <sub>night</sub> 45 dB<br>LAF <sub>max</sub> 60 dB | Uten impulslyd:<br>Lden 65 dB<br>Med impulslyd:<br>Lden 60 dB                                     |                                                                                                                                       | Ln <sub>night</sub> 55 dB<br>LAF <sub>max</sub> 80 dB |
| Øvrig industri                     | Uten impulslyd:<br>Lden 55 dB<br>Levening 50 dB<br>Med impulslyd:<br>Lden 50 dB<br>Levening 45 dB | Uten impulslyd:<br>Lørdag:<br>Lden 50 dB<br>Søndag:<br>Lden 45 dB<br>Med impulslyd:<br>Lørdag:<br>Lden 45 dB<br>Søndag:<br>Lden 40 dB | Ln <sub>night</sub> 45 dB<br>LAF <sub>max</sub> 60 dB | Uten impulslyd:<br>Lden 65 dB<br>Levening 60 dB<br>Med impulslyd:<br>Lden 60 dB<br>Levening 55 dB | Uten impulslyd:<br>Lørdag:<br>Lden 60 dB<br>Søndag:<br>Lden 55 dB<br>Med impulslyd:<br>Lørdag:<br>Lden 55 dB<br>Søndag:<br>Lden 50 dB | Ln <sub>night</sub> 55 dB<br>LAF <sub>max</sub> 80 dB |
| Veg                                | Lden 55 dB                                                                                        |                                                                                                                                       | L <sub>5AF</sub> 70 dB                                | Lden 65 dB                                                                                        |                                                                                                                                       | L <sub>5AF</sub> 85 dB                                |

- Lden er det ekvivalente støynivået for dag-kveld-natt (day-evening-night) med 10 dB og 5 dB ekstra tillegg på henholdsvis natt og kveld.
- Levening er A-veiet ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19-23.
- Ln<sub>night</sub> er ekvivalentnivå for 8 timers nattperiode fra kl. 23:00 til kl. 07:00.
- LAF<sub>max</sub> er A-veiet maksimalnivå for de 5-10 mest støyende hendelsene innenfor perioden, målt med tidskonstant «Fast» på 125 ms. For denne utredningen er L<sub>5AF</sub> mellom kl 23 – 07 ikke dimensjonerende.

Berekningsresultat for framtidig situasjon for døgnmidla nivå og nattmidla nivå viser at bustadane ved Eggesbøvegen nord for industriområdet vil ligge i utkanten av gul støysone. Desse bustadane vil få ei auke på opp mot 2 dB på natt, og opp mot 3 dB i snitt gjennom heile døgnet i framtidig situasjon som følgje av støy frå planlagt, ny aktivitet. Det vert stilt krav om at det må gjerast detaljerte støyberekningar for dei areala som legg til rette for støyande aktivitet. Dersom også desse viser at husa ligg i gul sone og får ei støyauke på meir enn 1-2 dB, så må ein vurdere å tilby støytiltak for dei aktuelle eigedomane.

Utover dette vil også bustadar langs Evangervegen får ei auke i støynivå i framtidig situasjon grunna auka trafikk til og frå industriområdet. Nokre av husa langs vegen ligg utanfor gul sone i dagens situasjon, medan dei i framtidig situasjon vil hamne marginalt innanfor gul sone på fasadene mot vegen. Det vert stilt krav om at det må gjerast detaljerte støyberekningar for dei areala som legg til rette for støyande aktivitet. Dersom også desse viser at husa ligg i gul sone og får ei støyauke på 1-2 dB, så må ein vurdere å tilby støytiltak for dei aktuelle eigedomane. Ingen andre bustadar har støy over gjeldande grenseverdier i framtidig situasjon.

Område BN1 er planlagt planert ned til kote 4,5 moh noko som medfører ei fjellskjering på ca 5m mot bustadane i Storesteinråsa. Dette vil vere svært gunstig med omsyn på støyskjerming for eventuelle framtidig støykjelder plassert nærme skjeringa. Skjermingseffekten vil vere avgrensa for eventuelle støykjelder som vert etablert lenger unna fjellskjeringa.

Bustadane ved Storesteinråsa vil også kunne få ei støyauke i framtidig situasjon, men vil likevel ligge utanfor gul sone så lenge totalstøy fra alle nye verksemdar i BN1 ikkje er meir enn  $L_w = 97$  dB til saman. Det vil vere tillate å etablere støyvoll på opptil fem meters høgde oppe på skjering i område GV mellom BN1 og bustadane. Denne vollen er ikkje tatt med i støyberekningane, men er vurdert å kunne gi en supplerande støyreduserande effekt på 1-3 dB ved bustadane dersom den har to meters høgde. Tillaten eigenstøy totalt frå alle nye verksemdar på BN1 kan aukast noko utover  $L_w = 97$  dB dersom det vert dokumentert at vollen gir redusert støy og bustadane ikkje vert liggande i gul sone.

Det er viktig å presisere at grenseverdien representerer sum av all støy i et gitt areal. Ei utfordring vil vere dersom fleire bedrifter etablerer seg innanfor BN1. Då vil det vere krav til at kvar bedrift/verksemd som ligg innanfor BN1 skal avgrense den støyande verksemda og dokumentere at sumstøyen frå heile arealet ikkje overskrider terskelverdien.

Føresegnene stiller krav om at det ikkje skal foregå støyande verksemd på BN1 i perioden mellom kl 23 og 07. Dette er også lagt til grunn i støyberekningane. Eventuelle nattarbeid i dette området vil sannsynlegvis medføre overskridingar av grenseverdier for bustadane i Storesteinråsa, både med og utan etablering av støyvoll.

Det er ikkje utført støyberekningar for anleggsperioden ettersom det ikkje føreligg tilstrekkeleg detaljerte framdriftsplanar og/eller etappeplanar. Basert på avstand mellom planområdet og omkringliggende støyfølsame bygningar vert det forventat at dei næraste bustadane kan få støynivå over gjeldande grenseverdier i delar av anleggsperioden. Dette vil til dømes gjelde støyande arbeid som graving, knusing, massehandtering, peling etc. Alt arbeid som vert vurdert som støyande skal så fremt det er mogleg foregå på dagtid og unngåast på nattetid. Dette gjeld også eventuell utkøyring av masser. Ulemper som råka naboar opplever ved bygg- og anleggsaktivitet kan ofte reduserast ved at anleggsansvarleg har ein open dialog med naboar og lokale myndigheter. Framdrifta blir lettare når alle parter veit kva som er i vente, spesielt når bransjen kan vise til eit allment og godt dokumentert grunnlag for avgjerd om utbygging. Det er i utgangspunktet entreprenøren sitt ansvar å planlegge arbeida på ein måte som ikkje gir støyulempar for bebuarane i nabolaget utover grenseverdiene i T-1442:2021, eventuelt øvrige gjeldande føresegner/myndigheitskrav. Aktuelle avbøtande tiltak kan vere mellombels støyskjerming, driftstidsavgrensingar, bruk av støysvake maskiner, tilbod om alternativ opphaldsstad m.m. Det er også entreprenøren sitt ansvar å følge gjeldande rutinar for nabovarsel.

### Vurdering av konsekvens:

Det er vurdert at tiltaket vil gi auka støynivå både i anleggsperioden og i ferdig utbygd situasjon. Føresegnene og ev. avbøtande tiltak sikrar at støy ikkje skal overskride grenseverdier. På bakgrunn av desse føresetnadane er konsekvensen vurdert som noko negativ (-).

## 7.11 Naturressursar

Området med vernskog ligg utanfor planområdet og blir såleis ikkje berørt.

Den planlagde utfyllinga er ikkje vurdert å påverke fiskeri. Føresegnene stiller krav om at utfyllinga av området skjer utanom gyteperiode for torsk og er dermed vurdert til ikkje å påverke gyteområda.

Ved utfylling kan det kome partiklar mot ventermerder i anleggsperioden alt avhengig av straumforhold. Det bør ikkje vere fisk i merdene av omsyn til dyrevelferd.

## Vurdering av konsekvens:

Føresegnene stiller krav om at tiltaket utførast utanom gyteperiode for torsk og i periode når det ikkje er fisk i ventemerdene. Basert på dette er konsekvens vurdert som ubetydeleg (0).

## 7.12 Naturmangfald

### 7.12.1 Naturmangfaldlova §§ 8-12

Lova stiller krav om at grunngjeving og omfang av vurderingane etter §§ 8-12 i vedtaket må tilpassast omfanget av dokumentasjon og forholda i den einskilde sak. Det betyr at jo meir trua og verdifullt naturmangfald som vert råka, eller jo meir tiltaket vil påverke forvaltningsmåla for naturtyper, økosystem og artar, dess grundigare må saka dokumenterast og vurderast etter lova. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til saka sin karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Sjøområdet utanfor Eggesbøneset ligg ved hamn og industriområde. Det har tidlegare vore gjennomført liknande tiltak i området. Området vert difor ikkje rekna som sårbart eller verdifullt.

Naturmangfaldlova § 8 pålegg forvaltninga å innhente og legge til grunn kunnskap om natur når ein tek avgjerder som rår naturmangfaldet. Offentlege avgjerder skal så langt det er rimeleg bygge på vitenskapeleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand, samt effekt av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlag vil som hovudregel vere oppfylt dersom vi tek i bruk kunnskap som allereie finst og som er tilgjengeleg. Det er i tillegg gjort miljøtekniske undersøkingar av sedimenta i området som er planlagt utfylt.

Det er registrert ein naturtype av forvaltningsinteresse i Straumane (undervasseng, verdi: viktig) og her er det også registrert algen *Focus cottonii* (nær trua art). Undervassenger kan være sårbare for skade som følge av tiltak i sjø dersom det er mykje finpartikulært materiale som bli kvervla opp frå sediment eller som vert vaska ut frå utfyllingsmassane, sidan dette potensielt kan medføre at sjøbotn vert slamma til. Det er i planen stilt krav til at utfylling skal skje utanom gyteperioden for torsk, slik at det regionalt viktige gytefelt for torsk i området rundt Leinøya og Bergsøya ikkje vil bli påverka av tiltaket.

Risikovurdering av skade på naturressursar i området under sjølv utføring av utfyllinga skal utførast i samband med søknad om utfylling i sjø som skal handsamast av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Effekten av partikkelspreiing under sjølv utføringa av utfyllinga bør vurderast særskilt for å ivareta naturressursar i området, som inneberer undervasseng og gyteområde for torsk.

Det er i samband med utarbeiding av reguleringsplanen lagt til grunn at avbøtande tiltak vil bli iverksett slik at negative effekt i samband med utfylling i sjøen er akseptabel.

Ei utfylling vil medføre isolering av forureininga og redusere eksponeringa for botnlevande dyr og andre marine organismar. Dette vil på sikt vere positivt for miljøet i vassførekomsten.

Ved vurdering av § 9 (føre-var-prinsippet) kan ein stille følgande spørsmål: Vet ein nok om landskap, økosystem, naturtypar og artar, og kva verknader det aktuelle tiltaket kan ha for desse? Er det sannsynleg at tiltaket vil medføre vesentleg (alvorleg eller irreversibel) skade på landskap, økosystem, naturtype og artar? I denne saka har ein god kjennskap til naturmangfaldet gjennom tilgjengelege offentlege databaser, miljøtekniske undersøkingar av sedimenta og

tilleggsundersøking knytt til hubro. Tiltaket vil føre til irreversibel skade på landskap under vatn ved å tilføre nytt landskap på land. Det er vurdert at ein har tilstrekkeleg kunnskap til å ta avgjerd om at tiltaket ikkje vil ha alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet.

§ 10 omhandlar økosystemtilnærming og samla belastning. Naturmangfaldlova § 10 slår fast at *En påvirkning av et økosystem skal vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for.* Området er tidlegare utfyllt og såleis sterkt påverka fra før. Føreset at avbøtande tiltak i samband med sjølve utfyllinga vert iverksett for å unngå spreiring av forureina masser, vert den samla belastninga for økosystemet vurdert som akseptabel.

Prinsippet i § 11 om at kostnadane ved miljøforringing skal dekkast av tiltakshavar, tilseier at tiltakshavar kan påleggast å dekke kostnadane med å skaffe meir kunnskap enn det som allereie finst frå før. Dette inkluderer skadereduserande tiltak for å redusere risiko for spreiring av framande artar. I dette tilfelle er det gjort miljøtekniske undersøking av sedimenta i området som er planlagt fylt ut for å unngå miljøforringing.

§ 12 handlar om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder. For å unngå eller avgrense skade på naturmangfaldet skal ein ta utgangspunkt i slike driftsmetoder og slik teknikk og lokalisering som, ut frå en samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske forhold, gir dei beste samfunnsmessige resultat. I dette tilfelle vil det i planlegging av utfylling bli tatt omsyn til sesongmessige variasjonar i gyteområdet og anleggsarbeidet vil leggjast til periode det ikkje er fisk i ventemerdene. Dette er sikra gjennom planen sine føresegrer.

#### Vurdering av konsekvens:

Tiltaket vil påverke naturmiljøet i planområdet i stor grad/sterkt forringet, men verdien av området er vurdert å være liten da potensialet for viktige naturtyper og sjeldne eller truede arter er vurdert som lavt. Verknader på fugl vil i hovudsak vere i form av forstyrning i anleggsperioden, og spesielt i form av støy under sprenging. Tiltaket kan bidra til spreiring av framande artar gjennom flytting av masser og frigjerung av substrat som lett kan koloniserast av framande artar. Verknader for det marine naturmiljø avheng av i kor stor grad ein klarer å avgrense partikkelspreiing i samband med utbygging.

Det er vurdert at tiltaket ikkje vil medføre permanent skade på miljøet, føreset følgande:

- at utfylling i sjø vert utført utanom gyteperiode for torsk.
- at utfylling i sjø vert utført i periode det ikkje er fisk i ventemerdene
- at det vert utarbeidd ein tiltaksplan med tiltaksbasert risiko- og spreivingsvurdering
- at det vert søkt om løyve til utfylling hos Fylkesmannen
- at dei nødvendige avbøtande tiltak ved utfyllinga vert gjennomført for å hindre skade på miljøet.
- at framande uønska artar innanfor planområdet vert kartlagt og at det ved funn av uønska artar vert utarbeidd ein plan for å hindre spreiring.

Med desse føresetnadane vert konsekvensen vurdert å vere noko negativ (-).

#### 7.13 Friluftsliv

Turstien som går parallelt med Evangervegen vil bli øydelagt som følge av utbygging til næringsareal. Området vert noko forringa når delar av området mot aust blir omgjort til industriområde, men den samla bruksverdien av Eggsebøsteinane og området sør desse er ikkje

vurdert å bli redusert. Det statleg sikra friluftsområdet på Herøya er ikkje vurdert å bli påverka av utvidinga av industriområdet i Paradisbukta.

#### Vurdering av konsekvens:

Basert på dette er konsekvensen for friluftsliv vurdert å vere noko negativ (-).

### 7.14 Kulturarv

På Eggesbønes gnr. 38/1 er det tidlegare funne fire steinalderlokalitetar:

- ID 146183-1 vart funne i nordaustleg del av reguleringsområde for laks- og ørretslakteri ved Panfish processing AS i 2002. Her vart det påvist tjukke kulturlag med funn av t.d. skiferpilspliss-fragmenter, flintavslag, avslag av bergkrystall og ein del brent bein.
- ID 146184-1 Lok 5 Lokaliteten er i ei flat brei ØSØ-VNV gåande daldrag. Den ligg 150-160 m frå dagens strandline. Innsamla materiale funne i ei kabelgrøft består av ei flekke av forvittra mylonitt og eit flekkeliknande avslag av flint. Det vart ikkje føretatt prøvestikk, så lokaliteten si utstrekning er ikkje kjend.
- ID 146185-1 Lok 6 Lokaliteten ligg øvst i ein brei (ca. 100 m) ØSØ-VNV-gåande daldrag som skrånar svakt ned mot sjøen. Det vart gjort funn av flintavslag i massane av ei kabelgrøft. Funna vart ikkje samla inn.
- ID 156854-1 Lok 1 Lokaliteten er ein steinalderlokalitet påvist i strandsona under flomålet, men også i erosjonssona (grastorva) ved flomålet. Ved flo er heile lokaliteten overfløymd, men ved fjøre ligg kun den austlegaste delen under vatn. Lokaliteten er i stor grad naturleg avgrensa til ei trong vik som ligg mellom svaberg som røyser seg bratt i nord, sør og dels i vest. Fjorden ligg i aust. Det vart gjort totalt 19 funn fordelt på 10 positive prøvestikk. Funnmaterialet består av 1 bipolar kerne, 1 retusjert avslag og 17 avslag. Mesteparten av funnmaterialet er i flint, men det var også 4 avslag i bergart og 2 avslag i bergkrystall. Noko av materialet er skarpt, men mykje er i varierende grad vassrulla og patinert.

Kulturminnet med ID 166183-1 vart utvida som følge av undersøkingane i 2018 utført i samband med dette reguleringsplanprosjektet.

#### Vurdering av konsekvens:

Det er fire kjente automatisk freda kulturminne i planområdet. Tilstanden på tre av lokalitetane er ikkje intakt. Lokalitetane ligg i ein topografisk samanheng som har delvis autentiske kvalitetar, og har kunnskaps- og opplevingsverdi. Området er vurdert å ha middels verdi. og det vil difor bli søkt om dispensasjon frå Kulturminnelova. Det er i planen satt krav til at det skal gjerast ei arkeologisk utgraving av lokalitetane før ein kan starte tiltak i reguleringsområdet. Frå 01.01.2020 er det fylkeskommunen som er dispensasjonsmyndigheit i slike dispensasjonssaker.

Planforslaget er vurdert å ha betydeleg negativ konsekvens for kulturminna (- -).

### 7.15 Konklusjon

For industri og sysselsetjing er tilrettelegging for utviding av eksisterande verksemd og nye verksemdar på Eggesbønes svært positiv. Etablering av kai vert vurdert som positivt for industri og sysselsetjing. Tiltaket er også vurdert å vere positivt med omsyn til forureining og teknisk infrastruktur. Tiltaket er vurdert å ha størst negativ konsekvens for kulturarv, men også noko

---

negativ konsekvens for barn og unge, landskapsbilde, støy, naturmangfold og friluftsliv. For resterende tema er konsekvens vurdert som ubetydeleg.

Gjennom planarbeidet er det ikkje avdekt konsekvensar eller verknadar av tiltaket som er så negative at ein ikkje kan tilrå at planen vert gjennomført.

## 8 Risiko- og sårbarhetsanalyse

Med utgangspunkt i forslag til detaljreguleringsplan er det gjennomført ei risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse), sjå dokument 4. Denne skal imøtekomme plan- og bygningsloven sitt krav om ROS-analyse ved all planlegging (jf. §4-3).

### 8.1 Konklusjon frå ROS-analyse

Planområdet framstår generelt, med dei tiltaka som er skildra og føresett følgt, som lite sårbart.

Det har blitt gjennomført ein innleiande fareidentifikasjon og sårbarhetsvurdering av dei tema som framsto som relevant.

Følgande farer har blitt vurdert:

- Stormflo og bølger

Notatet: Stormflo vurdering – Paradisbukta (Norconsult 2020), vedlegg 7, tilrår følgende:

- Dimensjonerande stormflo for sikkerheitsklasse F2 med klimapåslag fram til 2090 er 2,64 m NN2000.
- Fyllingstoppen etablerast på minimum 3,0 m NN2000.
- Kaia etablerast på 2,8 m NN2000.
- Fyllingsfronten mot sør er spesielt bølgeutsett, og fronten må sikrast tilstrekkeleg. Det vert tilrådd å dimensjonere området for sikkerheitsklasse F2. For tilrådde høgder og sikkerheitsavstandar på erosjonssikring sjå tabell 3 i notat: *Stormflo vurdering – Paradisbukta, datert 09.03.20*. Dersom høgda på erosjonssikringa vert sett til 3,9 m NN2000 har Norconsult berekna ei sikkerheitsavstand på 20 m frå sjøen.
- Sikker avstand frå sjø mot aust er 15 m føresett at minimum golvnivå er 3,0 m NN2000.
- Sikker avstand frå sjø mot nord er 5 m føresett at minimum golvnivå er 3,0 m NN2000.

Det er i ROS-analysen identifisert følgande risikoreduserande tiltak for reguleringsplanen:

- Faresone for flaum med følgande utstrekning: 20 meter inn på land frå sør, 15 meter inn på land frå aust og 5 meter inn på land frå nord.
- Planen sett i føresegnene krav til at fyllingstoppen skal leggst på minimum 3,0 m NN2000 og at kaia ikkje skal leggst lågare enn 2,8 m NN2000.

Herøy kommune



# Paradisbukta, gnr. 38, bnr. 8 m.fl., Eggesbønes

Detaljregulering

Planføresegner



Oppdragsnr.: 51811985181198 Dokumentnr.: 33 Versjon: 04  
2022-01-20

**Oppdragsgjevar:** Herøy kommune

**Oppdragsgjevars kontaktperson:** Erlend Sporstøl Vikestrand/Ole Magne Rotevatn

**Rådsgjevar:** Norconsult AS, Retirovegen 4, NO-6019 Ålesund

**Oppdragsleiar:** Siv K. Sundgot

**Fagansvarleg:** Pernille Lervåg (plan)  
Stine Misund Fiksdal (veg og plankart)

**Andre nøkkelpersonar:** Guro Thue Unsgård (forureining)  
Adam Suleiman (støy)  
Arne Erling Lothe (bølgepåvirkning)  
Magnus T. Bach-Gansmo (bølgepåvirkning)  
Simone Dorigato (grunnforhold)

|                |             |                                                          |                       |                       |                 |
|----------------|-------------|----------------------------------------------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------|
| 04             | 2022-01-20  | Oversending til kommunen for godkjenning                 | Siv K. Sundgot        | Stine Midsund Fiksdal | Siv K. Sundgot  |
| 03             | 2021-09-07  | Oversending til kommunen for 2. gongs offentlig ettersyn | Siv K. Sundgot        | Stine Midsund Fiksdal | Siv K. Sundgot  |
| 02             | 2020-05-07  | Justert etter kommunal gjennomgang                       | Pernille Ibsen Lervåg | Siv K. Sundgot        | Siv K. Sundgot  |
